



**Denne tysdagen var det køtendens i Tiaren, den populære tysdagskafeen i Gamleskulen. Då dugnadssdamene hadde rekna over viste det seg at 57 hadde vore innom og i tillegg kom eitt born. Ein viktig grunn til det gode besøket er at det kjem så mange frå Herøysund den første tysdagen i kvar månad, men den solide stammen av besøkjande frå Uskedalen sviktar heller ikkje.**

Det er imidlertid ikkje så stort frammøte som det burde vera til GÅ EIN TUR FYRST som startar samstundes med av kafeen opnar. I dag var det berre 4 som gjekk turen rundt i dei sentrale delane av bygda før dei vitja kafeen.

- Vi har vore heilt oppe i 11 og oppmodar fleire om å ta denne koselege trimturen, sa dei som gjekk.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen